

LM17-7 Lovbrigde

Kva gjeld saka



Landsmøtet handsamar innkomne framlegg til brigding av lovene.

Saksutgreiing



Det har kome inn seks framlegg innan fristen 16.02.17. I handsaminga av lovbrigdene lyt landsmøtet merkje seg at 2 A står opp mot 2 B.

Framlegg til vedtak



Landsmøtet handsamar framlegga i tråd med oppsett køyreplan.

Framlegg til lovbrigde:

Nr:	LM17-7 1		
Fremja av:	SmiN		
Linenummer/pa ragraf:	§ 7		
Framlegg:	<p>Endre § 7 ved å leggje til nye setningar på slutten:</p> <p>Paragrafen vert då slik:</p> <p>§ 7 For at ein medlem skal kunna ha røysterett på årsmøte eller medlemsmøte i eit lokal-/distriktslag, eller på landsmøte i NMU, må vedkomande vera i aldersgruppa 14–29 år (frå og med, til og med) ved utgangen av det inneverande kalenderåret. <i>I lokallag som held til på høgskular og universitet med studentar som medlemmar (studentmållag), kan medlemmar over 29 år ha røysterett ved saker som ikkje gjeld NMU sentralt. Det vil seie at medlemmar over 29 år ikkje kan røyste i saker som: utsendingar til landsmøtet, kva saker studentmållaga skal ta opp på landsmøtet, kva studentmållaget skal meine om sakene som vert handsama på landsmøtet og andre saker som gjeld NMU sentralt. For at ein medlem over 29 skal ha røysterett må det verte godkjend av medlemmane som er 29 eller under. Medlemmane på 29 og under må også avgjere om denne røysteretten skal gjelde enkeltsaker, medlemsmøte og/eller årsmøte.</i></p>		
LST-innstilling	Tilrådd avvist		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	LM17-7 2 A		
Fremja av:	LST		
Linenummer/pa ragraf:	§ 27		
Framlegg:	<p>Endre § 27 ved å leggje til ei ny setning på slutten:</p> <p>§27 Alle som har fått, eller er innstilt til, verv eller ombod av landsmøtet eller landsstyret, har tale- og framleggsrett på landsmøtet. <i>Medlemer utan lokallag kan få tale og framleggsrett om landsmøtet godkjenner det.</i></p>		
LST-innstilling	Samrøystes tilrådd vedteke		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	LM17-7 2 B		
Fremja av:	SST		
Linenummer/pa ragraf:	§ 27		
Framlegg:	<p>Endre §27 ved å leggje til ei ny setning på slutten:</p> <p>§27 Alle som har fått, eller er innstilt til, verv eller ombod av landsmøtet eller landsstyret, har tale- og framleggsrett på landsmøtet. <i>Medlemmar som ikkje er valde som observatørar eller utsendingar frå eit lokallag, kan bli valde som observatørar av landsstyret. Desse har tale- og framleggsrett.</i></p>		
LST-innstilling	Samrøystes tilrådd avvist		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	LM17-7 3		
Fremja av:	LST		
Linenummer/pa ragraf:	§ 40		
Framlegg:	<p>Endre siste setning. Paragrafen vert då slik:</p> <p>§ 40 Sentralstyret skal ha 5–13 medlemmer. Det skal i tillegg veljast minst tre nummererte varafolk. Sentralstyret skipar seg sjølv, med unntak av leiar, nestleiar, skrivar og økonomiansvarleg. Landsstyret kan gjera suppleringar i sentralstyret etter framlegg frå dette. <i>Dersom ein SST-medlem trekkjer seg og sentralstyret får færre enn 5 medlemmer, skal landsstyret nemna opp ein ny SST-medlem etter framlegg frå valnemnda.</i></p>		
LST-innstilling	Samrøystes tilrådd vedteke		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	LM17-7 4		
Fremja av:	LST		
Linenummer/pa ragraf:	§ 43		
Framlegg:	<p>Del opp paragrafen slik at den nye § 43 handlar om det valnemnda skal gjere, medan den nye § 44 handlar om korleis valnemnda vert innstilt på:</p> <p>Nye § 43: <i>Valnemnda har i oppgåve å koma med innstilling til alle verv som skal veljast på landsmøtet, utanom framlegg til ny valnemnd. Innstillinga skal vera klar seinast to veker før landsmøtet tek til.</i></p> <p>Nye § 44: <i>Landsstyret innstiller til på ny valnemnd etter tilråding frå sentralstyret. Valnemnda har tre medlemmer, og to nummererte varafolk.</i></p>		
LST-innstilling	Samrøystes tilrådd vedteke		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat

Nr:	LM17-7 5		
Fremja av:	SST		
Linenummer/pa ragraf:	§ 43		
Framlegg:	<p>Legg til: «Valnemnda skal òg innstille på eventuelle suppleringar til sentralstyret når talet på sentralstyremedlemer vert færre enn 5»</p> <p>Paragrafen vert då slik:</p> <p>§ 43 Valnemnda har i oppgåve å koma med innstilling til alle verv som skal veljast på landsmøtet, utanom framlegg til ny valnemnd. Innstillinga skal vera klar seinast to veker før landsmøtet tek til. <i>Valnemnda skal òg innstille på eventuelle suppleringar til sentralstyret når talet på sentralstyremedlemer vert færre enn 5</i></p>		
LST-innstilling	Samrøystes tilrådd avvist		
Hjelpefelt	Eg er FOR	Eg er MOT	Notat